



## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet (FS)	14.09.2016	084/16
Kommunestyret (KS)	21.09.2016	074/16

Arkiv: FE - 130

Arkivsaknr: 16/35 - 5

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

### Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 - uttale

#### Kort om saka:

Med heimel i § 7-1 i plan og bygningslova skal regional planmynde (fylkeskommunen) utarbeida ein regional planstrategi for kvar valperiode innan eit år etter konstituering. Hordaland Fylkeskommune har sendt ut «Utviklingsplan for Hordaland 2016-2020» på høyring. I denne saka gjev Øygarden kommunestyre uttale i saka.

#### Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.06.2016	Høyring på forslag til Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland	12595
01.06.2016	Utviklingsplan for Hordaland - h+©yringsforslag - Regional planstrategi 2016-2020	12596
01.06.2016	Utviklingstrekk i Hordaland - AUD-rapport nr. 2 - 16	12597

#### Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Plan- og bygningslova
- Kommunelova
- Forvaltningslova
- Offentleglova

#### Saksopplysningar:

Det vert vist til dokumenta som ligg ved saka.

#### Organisering og medverknad

Regional planstrategi er ein utviklingsplan for Hordaland. Strategien er utarbeidd i samarbeid med viktige samfunnsaktørar i fylket. Arbeidet har vore organisert slik:

*Styringsgruppe* er fylkesutvalet. Styringsgruppa starta opp arbeidet i november 2015 og har vedtatt høyringsforslaget. Styringsgruppa vil gje tilråding om endeleg vedtak av planstrategi etter høyringa.

*Samrådsgruppe* blei oppretta av fylkesutvalet ved oppstart. Gruppa er samansett slik:

- Anne Gine Hestetun, fylkesordfører, leiar
- Mona Røsvik Strømme, medlem og gruppeleiarfylkesutvalet
- Emil Gadolin, leiar utval for opplæring og helse
- Beate Husa, leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Nils Bjørke, leiar utval for miljø og samferdsel
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann, Fylkesmannen i Hordaland
- Odd Harald Hovland, ordførar Bømlo kommune, representant for Sunnhordland
- Karstein Totland, ordførar Masfjorden kommune, representant for Nordhordland
- Jostein Ljones, ordførar Kvam kommune, representant for Hardanger
- Børge Haugetun, ordførar Øygarden kommune, representant for kommunane i Vest
- Atle Kvåle, ordførar Fusa kommune, representant for kommunane rundt Bergen
- Harald Schjelderup, byrådsleiar i Bergen, representant for Bergen kommune

Det har vore fire møte i samrådsgruppa under prosessen samt utvida møte med andre samfunnsaktørar som ein del av fylkestinget 8. og 9. mars 2016.

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd fylgjande grunnlagsdokument for arbeidet med strategien:

- Utfordringar for Hordaland – samling av innspel til strategiprosessen
- Utviklingsstrekk i Hordaland – AUD-rapport nr. 2–16
- Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt

Høyringsbrev dat 31.05.16

Det ligg føre slik høyringsbrev frå fylkesordfører Anne Gine Hestetun:

Fylkesutvalet vedtok 19.mai 2016 med heimel i plan- og bygningslova § 7-1 eit forslag til Regional planstrategi for perioden 2016-2020. Strategien sendast no ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

### **Innhald**

Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan for fylket. Planen har fire hovudmål for perioden:

- *Høg sysselsetjing*
- *Eit inkluderande samfunn*
- *Klima- og miljøvenleg utvikling*
- *Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion*

*Strategien er utvikla i tett dialog med kommunane, statlege organ og ulike organisasjonar. Vi vonar derfor at mål og strategiar kan få oppslutning slik at ulike sektorar og forvaltningsnivå kan dra i same retning til gagn for fylket.*

### **Høyring og informasjon**

*Fylkeskommunen ynskjer no synspunkt på innhaldet i strategien og på korleis vi saman kan oppfylle måla. Resultatet av høyringa vil bli vurdert og lagt fram for den politiske prosessen fram mot slutthandsaminga i fylkestinget i desember. Svar kan sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) eller Hordaland fylkeskommune, boks 7900, 5020 Bergen. Merk innspela med 2015/7064. Meir informasjon om strategiarbeidet og dokument i saka finn de her; [www.hordaland.no/regionalplanstrategi](http://www.hordaland.no/regionalplanstrategi) . Spørsmål kan rettast til prosjektleiar Marit Rødseth, tlf 481384 93 eller [marit.rodseth@hfk.no](mailto:marit.rodseth@hfk.no).*

Høyringsfristen er sett til **15.september 2016»**

Hovudinnhald

Planstrategien er inndelt i tre hovuddelar:

**1. Langsiktig mål for Hordaland:**

«Hordaland skal vera berekrafting, attraktivt og nyskapande»

**2. Hovudmål med strategiar, (utviklingsretning og planbehov – ikkje referert her):**

«Hordaland skal ha:

• Høg sysselsetjing, (strategiar):

1. *Auke nyetablering og framtidsretta verdiskaping i næringslivet*  
*Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og*
2. *regionalt arbeidsliv*
3. *Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv*

• Eit inkluderande samfunn, (strategiar):

4. *Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa*
5. *Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø*
6. *Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter*

• Ei klima- og miljøvenleg utvikling, (strategiar):

7. *Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og*
8. *energiforsyning i bygningar*
9. *Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet*
10. *Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar*

• Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion, (strategiar):

11. *Utvikle ein framtidsretta folkevald region*
12. *Styrke gjennomslagskraft i Europa*
13. *Styrke regionale transportsamband og digitalinfrastruktur*

**3. Regional planlegging 2016-2020**

I dette kapittelet er det gitt eit oversyn over planarbeid som vil pågå i perioden 2016–2020 etter at planstrategien er vedtatt i desember 2016. Det er lagt til grunn at dei tre regionale planane som har vore på høyring blir vedtatt før dette. Det gjeld regional plan areal og transport på Haugalandet, regional areal og transportplan for Bergensområdet og regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Framdriftsplanar for planarbeida vil ta omsyn til fordeling i perioden for å unngå for mange parallelle prosessar.

Som det går fram av oversynet på side 22, skal det startast opp arbeidet med 3 nye planar i periode:

1. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, planprogram vedtatt
2. Regional plan for godshamn i Bergensområdet, planprogram vedtatt
3. Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar, vedtatt i førre strategi

I tillegg skal det setjast i gong revisjonsarbeid med fem andre regionale planar.

Vedlegg 1 på side 23 gjev et oversyn over alle vedtekne og utfasa regionale planar samt planar som er under arbeid. Vedlegg 2 på side 24 gjev ei eit oversyn over sektorplanar/strategiar – gjeldande, nye og revisjon i perioden 2016-2020. Vedlegg 3 på side 25 oppsummerer påverknadsfaktorar for folkehelsa – «Folkehelsa i Hordaland».

Rådmannen syner elles nærare tilhøyringsforslaget «Utviklingsplan for Hordaland» og vedlegga som følgjer saka.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Økonomiske konsekvensar vil koma tydelegare fram gjennom planane som belyser dei ulike tema i planperioden.

#### **Miljøkonsekvensar:**

I målsettinga for planstrategien er det fastlagt at Hordaland skal ha ei berekraftig og klima- og miljøvennleg utvikling.

#### **Folkehelseperspektiv:**

Dokumentet «Folkehelseoversikt Hordaland 2015» ligg til grunn som ein viktig premis for alt planarbeid på regionalt nivå i denne perioden.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Høyringsframlegget er oversiktleg og relativt kortfatta. Dette gjer det greitt å lesa og forstå. Det har vore ein omfattande prosess der representantar frå ulike regionar av fylke (folkevalde) og andre samfunnsarenaer har delteke. Deltakinga har vore brei.

Dei overordna måla og strategiane er kortfatta, men omfattande. Det langsiktige målet om at «Hordaland skal vera berekraftig, attraktiv og nyskapande» kan lett tilsluttast. Hovudmålet og strategiane følgjer logisk opp dette.

Det er skrive mykje godt om kva utfordringar som vil møte oss dei næraste åra og kor ein bør ha fokus for å sikra ei ønskjeleg samfunnsutvikling. For Hordaland Fylkeskommune samla sett verkar dette godt og gjennomtenkt.

Så kjem me til verkemidlane for å nå desse måla. Det omfattar alle dei regionale planane som er utarbeidd, skal reviderast og nye planar. Det er her dei konkrete tiltaka for utvikling av fylket – som består av alle kommunane - vert lagte.

Sett frå ein kommunal ståstad kan «volumet» på regionale planar verka overveldande. Det kan vera vanskeleg å førehalda seg og «ta inn» heile porteføljen. Ein kan stilla spørsmålet, er alle desse planane nødvendige? Kan ein redusera og samanfatta og likevel ha god styring og oversikt? Som det går fram av vedlegg 1, skal 6-7 planar utfasast. Dette er positivt. Men ein kunne kanskje med fordel ha gått endå lenger! Alternativt slått saman planverk, gjera dei kortare, men ha ein tydeleg styringsinformasjon på tiltakssida.

Me er inne i ei tid med framlegg til endringar i kommuneinndeling og regionar. Dette er skrive om i dokumentet, men utfordringane dette skaper, spesielt for kommunane, er lite omtala. Her kan det verta forskuving av oppgåver mellom regionalt nivå og kommunane. Sjølv om det er Storting og sentrale styresmakter som avgjer spørsmålet, kunne til dømes dokumentet ha utdjupe nærare formuleringa «Nærleiksprinsippet bør leggjast til grunn for oppgåvefordeling mellom forvatningsnivåa». Kva betyr dette i praksis?

Sett frå ein liten kommune i ytterkanten av Hordaland sin ståstad, kan det vera ein direkte motsetnad mellom sentrale mål og strategiar og det som tener utkantkommunen. Med andre ord: det er ikkje alt som er bra for Hordaland som heilskap som er like bra for Øygarden (og andre småkommunar i utkanten).

Døme: I hht sentrale føringar skal folk (og næringsliv) få byggja og bu der det er kollektivtransport og vel utbygde sentra. Er det trong for same standardar og løysingar i Øygarden som inne i meir bynære områder? Dette kan verta ei utfordring både når det gjeld økonomisk berekraft for utbyggjarar og for kommunen som samfunnsaktør. Vil så fylkeskommunen med dei regionale planane som verktøy og verkemiddel kunna seia at – nei, Øygarden – denne utbyggjinga/planen dykkar harmonerer ikkje med våre planar og me kjem med motsegn. I slike tilfelle kan det lokale sjølvstyret bli utfordra og i verste fall bli sett til sides.

Fylkeskommunen har invitert regionrådsleiarar i Hordaland til fire samrådsmøter i samband med den fylkeskommunale planstrategien. Slik sett har kommunane fått spelt inn sine behov i planstrategien. Strategien er soleis forankra. Om «nærleiksprinsippet» skal leggjast til grunn for oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå slik rådmannen forstår det, vil det absolutt vera nyttig å ha ein klar definisjon, sams oppfatning og kunnskap om konsekvensane til nærleiksprinsippet.

### **Innstilling til tilråding:**

Øygarden kommunestyre har desse merknadane til «Regional planstrategi 2016- 2020»:

- Kommunestyret sluttar seg til overordna mål og hovudmål
- Kommunestyret meiner strategiane i hovudsak støtter opp om hovudmåla og kan slutta seg til desse
- Kommunestyret tilrår at planporteføljen for inneverande valperiode kan redusertast ytterlegare ved utfasing og samanslåing av planar Kommunestyret ønskjer ei nærare presisering av forståinga av « nærleiksprinsippa» (oppgåvefordeling mellom forvatningsnivå)

### **Behandling i Formannskapet (FS) 14.09.2016:**

---

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

### **Vedtak i Formannskapet (FS) - 084/16**

Innstillinga vart tilrådd.

### **Behandling i Kommunestyret (KS) 21.09.2016:**

---

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret (KS) - 074/16**

Øygarden kommunestyre har desse merknadane til «Regional planstrategi 2016- 2020»:

- Kommunestyret sluttar seg til overordna mål og hovudmål
- Kommunestyret meiner strategiane i hovudsak støtter opp om hovudmåla og kan slutta seg til desse
- Kommunestyret tilrår at planporteføljen for inneverande valperiode kan redusertast ytterlegare ved utfasing og samanslåing av planar Kommunestyret ønskjer ei nærare presisering av forståinga av « nærleiksprinsippa» (oppgåvefordeling mellom forvatningsnivå)

Siri Fahlvik Pettersen

Rådmann

Jarle Kåre Oen

Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*